

Avkastningsrapport pr juli 2026

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivsaksnr.:
26/931

JournalpostID:
26/77115

Saksnr:	Utval:	Dato:
92/2026	Bjørnafjorden formannskap	03.09.2026
79/2026	Bjørnafjorden kommunestyre	17.09.2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. juli 2026 frå Norne Securities til orientering.

Bjørnafjorden, den 12.08.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Kommunen sin langsiktige finansportefølje har ved utgangen av juli 2026 ein marknadsverdi på ca. 204,5 mill. kr. Avkastninga i juli månad 2026 var ca. -2,7 mill. kr.

Avkastninga for porteføljen pr. juli 2026 var ca. 7,6 mill. kr, tilsvarande 3,85%. Referanseindeksen var 4,23%.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka omhandlar forhold som har stor innverknad på kommunen sin økonomi, men er ei orienteringssak. Avkastninga på finansporteføljen pr. 31.12. vil påverke kommunen sitt økonomiske resultat. Kommunen har ikkje budsjettert med avkastning i 2026.

Klima:

Saka har ikkje direkte innverknad på klimaet, men investeringane i finansporteføljen kan ha klimaverknader. Det er retningslinjer i finansreglementet for dette.

Folkehelse:

Saka har ikkje innverknad på folkehelsa.

Saksutgreiing:

Vedlagt følgjer avkastnings-rapportar pr juli 2026 frå Norne Securities.